



# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 3 2015. Årgang 55

Bibel & naturcamp s. 7



Sammen-helg  
på Ognatun s. 4-6

Godt å vera til hjelp og nytte s. 8



Oppstart  
igjen på  
Heskestad  
s. 11



Nytt aktivitetshus på Ognatun s. 12





Kretsleder Torgeir Lauvås

# Å sette de gode nyhetene ut i livet



Bibelen forteller at det første disipelen Andreas gjorde når han hadde møtt Jesus var å finne sin egen bror og lede ham til Jesus. Deretter inviterte Jesus de to brødrene med på en livslang reise sammen med seg. Jesus ville ha dem med seg og lære dem å leve for seg. Da var omvendelsen til de to brødrene en pangstart. Men selve livet med Jesus skulle gi store ringvirkninger både i deres eget, men også i andres liv.

Når mennesker lever et liv tett på Jesus midt i sin hverdag, har det en stor påvirkningskraft fordi det gir Guds Ånd gode arbeidsvillkår. Kristenliv kan ikke leves bare innenfor bedehusvegger. Jesus er ikke avhengig av perfekte og feilfrie mennesker for å bli synlig gjennom oss. Kraften fullendes i vår svakhet sier Bibelen. 2. Kor 12,9

## Hvordan leves et kristenliv?

Er det å bekjenne alfa og omega? For hvis du med din munn bekjenner at Jesus er Herre, og i ditt hjerte tror at Gud har oppreist ham fra de døde, da skal du bli frelst, sier Rom 10,9 Bibelverset sier at vi skal bekjenne Jesus som Herre og tro i vårt hjerte. Vi kalles altså til å la Jesus være Herre over vår livsførsel og la ham bli vår hjertesak.

Hvorfor fokuserer samme avsnitt i Romerbrevet på at de som bringer godt budskap har vakre føtter og sier at ikke alle var lydige mot evangeliet?  
Rom 10,15-16

De som vil gå for Jesus har verdens nydeligste føtter. Bodybuildere og skjønnhetsidoler vinner ikke den prisen. De som går med godhet og som lever ut evangeliet for sine medmennesker har vakre føtter!

Fötter som kun går på selvrealiseringens veier, blekner i evighetens lys.

Den kristne forsamlingen skal være en ladestasjon for oss som tror, og som også gir oss forbønn og utsendelse til hverdagslivet vårt i hjem, familie, yrkesliv, nabolag og fritid. Gjennom våre hverdagsliv kan Jesus bli synlig. Både gjennom din kristne omsorg og medmenneskelighet, men også gjennom din svakhet som vi ikke trenger skjule. Jesus kan bruke deg, uansett hvem du er! Han har skapt deg, han elsker deg og har sonet all din synd, det er ikke lenger noen fordømmelse for dem som er i Jesus Kristus. Han har sendt deg, og han går alltid ved din side. Alltid. Gjennom deg vil han sette sine gode nyheter ut i livet.



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Kari Helen Garheim 975 74 550  
Froydis Aarsland 459 55 965  
Anne Birgitte Auestad 920 90 232  
  
Bankgironr. 8220.02.80101  
Epost: rogaland@imf.no  
imfrogaland.no

**Krinsformann:**  
Gabriel Pollestad  
404 10 290

**Krinsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf. 971 71 745

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilslutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 5 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjølhusvegen 70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88  
  
Direktenummer  
Tove Braut 51 79 38 88  
Heimeside: ognatun.no  
Epost: ognatun@imf.no  
  
Avdelingsleiar:  
Tove Braut Tlf. 951 00 842



**Bryne Rør A/S**

Tелефon: 51 77 82 00  
E-mail: post@bryneror.no



**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger  
51 97 29 00



Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning

NOET BETRIKKA OG RÅDGIKK, - TLF. 51 85 84 50. WWW.BOKFØRINGSAKS.NO. ROTT

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99

# Andakt

Av Brit Skjørestad



## Varige verdier

**Dette halvåret har vi på bedehuset hos oss hatt et hovedtema som heter ”Varige verdier”.**

Hva tenker du når du leser overskriften? Tenker du på aksjer og fond du kan spare i, verdier som kanskje dine etterkommere kan få goder av? Eller alle de verdiene som du har i livet ditt her og nå? For de aller fleste av oss har nok mange verdier i livet vårt. Vi som lever i Norge i dag, lever i et av verdens rikeste land med mange verdier. Men det er verdier som ikke er varige. For den dag vårt liv her på jord er slutt, har vi ikke hjelp eller glede av de verdiene. Vi kan glede oss over, og takke for, alle verdiene vi har i livet. Men utfordringen, for oss som har det så godt, er det som står i Salme 62 11b: ”Når rikdommen vokser, så la ikke

hjertet feste seg ved det”. Verdiene som vårt hjerte skal feste seg ved, er av en annen karakter.

De som vi lever sammen med, og de vi møter på vår vei, trenger å møte Jesus og bli fortalt om varige verdier. Verdier som når lenger enn dette livet og de verdiene vi har her.

Har du tenkt på at du kanskje skal være med og gi varige verdier til de du møter? Begynn med din familie: les og be sammen, finn en tid det passer best. Vis dine barn at tid med bibel/bønn er viktige, varige verdier. Ikke alltid lett i en travl tid, men om en vil få en det til.

Det du viser i handling sier mer enn mange ord.

Ta barna med der de får høre om Jesus. Vis at felleskap med andre som tror på Jesus er verdifullt.

Prioriter tid alene sammen med Jesus, med bibel og bønn. Kanskje minner Han deg spesielt om noen du skal be for eller snakke med.

De du møter i din hverdag kommer ofte ikke inn på bedehuset eller i kirken. Derfor er det du som må vise de varige verdier. Kanskje skal du bruke tid sammen med noen som ikke er kristne? Kanskje be de på en kaffikopp eller middag en dag? Spør Jesus hvordan og hvor han vil bruke deg i din hverdag. Han kan bruke alle som er villige.

I Josva 24 15 står: ”Jeg og mitt hus, vi vil tjene Herren”.

Vis det i praksis, for familie, venner og naboer.

Gi varige verdier videre på din veg!

### Familieleir 2-4 oktober 2015

Blir ei kjekk helg, der heile familién kan være sammen, møte Jesus, møte nye mennesker, spise god mat i lag og leke i lag.

Påmelding starter 8.sept

**imfung**  
ROGALAND



### Inspirasjonskvelder OGNATUN 24. & 25. aug

ARNE  
SKAGEN

«Hverdags-  
evangelisering  
for alle»

Klokka 19.00  
Undervisning  
Samtale  
Mat



**Haugstad Eiendom AS**

Postboks 37  
4369 Vigrestad

**Vardheiveien  
Eiendom AS**



**MASKINERING &  
SVEISESERVICE AS**



Linkus kom på besøk på Familiemøte på Ognatun.

# "Sammen-helg" i Imf-Rogaland

## Barna og familien i sentrum.

Eit yrande liv av barn og familiar var det som ein la mest merke til under ImF si «Saman-helg» på Ognatun 17.-19. april. Her vart det lagt til rette for at alle generasjonar skulle finna seg til rette og ha det fint saman.

Laurdag foremiddag var møtesalen på Ognatun heilt fullsett når ein hadde møte for heile familien. Vigrestad Barnekor deltok med flott song, vi fekk besøk av Linkus, og Otto Dyrkollbotn hadde andakt. Utover dagen koste 100 barn og foreldre seg med mange spennande aktivitetar på «Samantivoli» på uteområdet på leirstaden. Denne dagen framstod Ognatun som det misjonssenteret vi ynskjer, og det var tydeleg å merka at mange gleda seg over dette.

## Årsmøte

Medan mange kosa seg ute i det fine veret, var 59 utsendingar samla til ImF-lunsj og årsmøtesaker. I si helsing til utsendingane, 10 fleire enn året før, understreka



Bruskasseklatring var ein av mange populære aktivitetar på «Saman –tivoli»



Otto Dyrkollbotn har andakt.

formann Gabriel Pollestad at diakonien er ei sida av indremisjonsarbeidet som han ynskjer skal bli styrka.- Vår historie har flotte døme på diakoniarbeid i indremisjonen, tidene endrar seg, nå er einsemd vår største folkesjukdom. Her kan vi som indremisjon bety ein forskjell, oppmuntra formannen.

## Økonomi

ImF-Rogaland fekk i 2014 eit underskot på 26 000. Inntektene hadde stege med 6 % frå året før. Dei viktigaste inntektskjeldene i indremisjonsarbeidet er kollektar

og basarar rundt om i lokalforeiningane, og fast gjeverateneste.

For Ognatun var 2014 eit meir utfordrande år. Etter rekordåret 2013 (første året med ny matsal) gikk omsetninga for 2014 tilbake med 700 000. Dette ført til eit underskot på 215 000 siste året. Formann i Ognatunstyret, Odd Narve Grude, kunne opplysa om at aktivitetene på Ognatun er betre igjen i 2015. Men han oppfordra alle til å bruka leirstaden som selskapslokale, til catering og å leige ferieleileighetene.

**Sirevåg Salongen**  
Følg deg vel!  
Tlf: 466 54 333  
[www.sirevaagsalongen.no](http://www.sirevaagsalongen.no)  
(Online bestilling)

**din trafikkskole**  
Tlf.: 464 22 022

**JG MASKIN**  
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunmau@online.no](mailto:jagunmau@online.no)  
  
**• SERVICE • DELER • REPRASJONER**



Popcorn og snop er alltid populært.



Fin tur på Helgåvatnet.

## Val

Krinsstyret i ImF-Rogaland etter valet er samansett slik: Gabriel Pollestad, Høyland. Svein Ove Særsten, Sandnes, Randi Klingsheim Bø, Klepp stasjon, Jarle Mong, Bryne, Tarald Gudmestad, Høyland, attval, Toralf Liene, Varhaug, attval, Torbjørn Corneliusen, Heskstad, ny, Rolf Gunnar Husveg, Riska, 1. vara., attval og Torunn Ivesdal Gjedrem, Bjerkreim, 2 vara, ny.

## Open post

Her fortalte fleire av utsendingane om korleis Gud leia dei i kvardagane slik at dei fekk bety noko for andre, og at Gud også kunne bruka heilt vanlege menneske i sin kvardag til å bringa ut evangeliet. Vi fekk og høyra vitnemål om at ein hadde fått hjelpe andre som ynskja å bli kristne. Gjennom «Saman-helga» var det mange samlingar med undervisning og forkynning.

## Speed-leir

To gonger i helga stod Speed-leir på timeplanen. Her fekk barna i løpet av ein time vera med på alt som skjer på ein leir i løpet av ei heil helg. Eit populært tilbod som barna liker.



Utsendingane til årsmøte samla til lunsj og årsmøtesaker.

## Speed-learning

Fleire vaksne var skeptiske når det fredag kveld skulle vera Speed-learning. Her var det 5 personar som underviste samtidig om aktuelle tema. Ein samla seg i mindre grupper rundt undervisaren som hadde 7 min. til å formidla det han hadde på hjarta, så var det 7 min. med spørsmål. Deretter var det val av ny gruppe, tilsaman fekk ein velje 4 grupper i løpet av speed-learningen på ein time. Etterpå var skepsisen bytta ut med at dette var ein spennande og fin måte å formidla aktuelle kristne tema på. Tema denne fredagskvelden var:

«Bridgebuilders», «Younglife», «Gud skrev historie med ImF», «Kvifor tilby service på ekteskapet?» og «Heimar som endrar nærmiljøet».

## Forkynning

På Saman-helga var det god plass til tradisjonell forkynning gjennom både bibeltime, samanfest og storsamling. Forsamlingsleiar i Bergen Indremisjon, Glenn Nord-Varhaug, var med som hovudtalar. På Storsamlinga søndag oppmuntra han alle kristne til å vera seg bevisst det som står i Ef 2.11. «Men de er ei utvald ætt,





Forsiktig på hoppeslottet!

eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk til eigedom, så de skal forkynna hans stordom, han som kalla dykk frå mørkret til sitt underfulle ljós»

Nord-Varhaug var klar i si oppfordring. Det du har motteke av Jesus kan du med stor frimodighet dela med andre. Indremisjon er at vanlege folk deler dei gode nyheitene som evangeliet er med andre vi møter i vår kvardag. Dette kan og vil Gud bruka til å nå ut til nye, resultata er Guds verk. Slik gjekk Guds rike fram i den første kristne kyrkja, slik kan Guds rike gå

fram også i dag. Ingenting er umogleg for Gud, avslutta Glenn-Nord-Varhaug.

### Saman-helg

Tretti personar brukte tilboden om å overnatte og bu på Ognatun denne helga. Krinsleiar Torgeir Lauvås opplever det veldig godt å kunna vera saman ei heil helg og dela fellesskapet i både forkynning, måltid, den gode praten og alt sosialt som fylgjer med å vera saman ei helg. Han inviterer til ny Samanhelg på Ognatun 8.-10. april 2016.

Referent Terje Slettebø

I pottemakerens hånd



"Kan ikke jeg gjøre med dere slik denne pottemakeren gjør med leire? ser Herren. Se, som leiren i pottemakerens hånd, slik er dere i min hånd"

Jeremia 18



## Ledersamlinger

VI ER GODE NYHETER  
med Guds Ord til folket

Tirsdag 29. sept, Bryne

17.30-21.30

Lovsang. Mat. Undervisning ved Runar Landro. Erfaringsdeling.  
Samtale i grupper. Forbenn.

Deltakeravgift:

Prisen er 150 kr pr  
deltaker. Prisen  
inkluderer mat og evt.  
kursmateriell. Betales  
kontant på samlingen.

Onsdag 18. nov, Bryne

17.30-21.30

Lovsang. Mat. Undervisning ved Torgeir Lauvås. Erfaringsdeling.  
Samtale i grupper. Forbenn.

Påmelding senest ei uke før hver kveld til: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no) / 51793880



Runar Landro underviste om ImF sin historie på Speed-learningen.

## SOMMERFERIE VED SJØEN



Flerkulturell familieleir  
Ognatun 6.-9. august 2015


Påmelding:

til ImF Rogaland innen 15. juni.  
[rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

Kontaktinfo leirsted:

Anne Berit Aarsland 97767073

Arr: KIA Rogaland og ImF Rogaland



**GM-offshore**

**GRUDE  
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon  
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

**ASTOR**  
INVESTERING AS

# BYGLAND BIBEL OG NATURCAMP 2015 - FRÅ LØVEBAKKEN TIL AAGE SAMUELSEN

**Bibel- og naturcamp'en på KVS Bygland gjeng i år av stabelen frå sundag 28.juni til sundag 5.juli.**

Hovudtalar på kveldsmøta vert tidlegare Stortingsrepresentant Ingebrigts Sørfonn. Fredag 3.juli tek han oss med på "Liv, latt og lange dagar på Løvebakken". Det er ein kveld vel verdt å setja av! Ingebrigts er ein kjend skikkelse i Indremisjonsforbundet, der han har vore både formann og økonomileiar. Me er glade for at han har takka ja til å vera med oss denne veka på Bygland.

Tysdagskvelden står Aage Samuelsens i fokus. I år er det 100 år sidan denne kjende predikanten og songaren vart fødd, og spesielt i lågkyrkjelege og frikyrkjelege samanhenger er svært mange av hans songar framleis i bruk. Jostein Janøy fra Skien har skreve bok om Aage Samuelson og kjende han svært godt. På fleire jubileumsarrangement har Jostein vore sjølvskreven kásør. Tysdag 30.juni tek han med gitaren og gode musikalske vener til Bygland og deler med oss frå Aage Samuelsens liv og songar. Det vert garantert ein minnerik kveld!

To år på rad har deltakarane på camp'en teke turen med dampbåten Bjoren. I år står eit damplokomotiv for tur. Laurdag 4.juli tek me nemlig Setesdalsbanen fra Grovane til Røyknes. Dette er den einaste smalspora veteranjernbanen som er att i Noreg. Ei stor oppleveling for store og små! Sjå elles [www.setesdalsbanen.no](http://www.setesdalsbanen.no) for meir informasjon.

Bibeltimane vert i år halde av Aud Karin Kjolvik Ringvoll. Det skulle borga for både grundig og engasjert forkynning etter at ein god frukost er fortært.

Regine Austegard, Anne Bø Nilsen og Pascaline Sagbakken tek seg av barne-møta og andre aktivitetar, medan Edvard Foss samstundes har bibelsamlingar med ungdomane.

"Ut på tur, aldri sur" heiter det, og det gjeld så visst i høgste grad på Bygland! Namnet på camp'en forpliktar jo på alle måtar, og då er fjellturar, fiskekonkurranse, bading, hesteriding, leirdueskyting og elgsafari sjølvsagte innslag i dagsprogrammet – anten det regnar eller sola skin. Men skulle det verta for vått har me ein stor idrettshall til disposisjon for ulike inneaktivitetar.

I fjar sumar var det tevling på gokartbanen på Moisund, der ihuga vaksne menn med ein gong dei hadde sett seg bak rattet fekk tilbake gutungen i seg med full styrke i swingane!

I år gjentek me tevlinga slik at dei siste no kan bli dei fyrste!

Barnefamiliar dominerer på Bygland, og det er me svært glade for. Men dei som imponerer mest er besteforeldra som år etter år tek med seg barnebarna sine. Ingen tvil om at born i alle aldre får mykje med seg, når me både morgen og kveld får høyra Guds ord i lag, og på dagtid reiser på tur og er saman på både fisketurar, på badestranda og på spanande utflukter!



Det sosiale og andelege innhaldet går hand i hand på KVS Bygland, der flotte internat, store uteområde, eit heilt nytt kjøkken og matsal, flotte møterom, god plass, hyggeleg vertskap og dugande talar-krefter gir deltakarane alt dei treng for lekam og sjel. Og for dei som ikkje vil bu på internat er det god plass til campinglivets gleder!

KVS Bygland ligg i svært naturfagre omgjevnader, midtvegs i Setesdal, og med storlått utsyn mot fjell og fjord!

Vil du veta meir, gå inn på heimesida [www.bibelnaturcamp.no](http://www.bibelnaturcamp.no), sjå våre Facebooksider, mail oss på [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com), eller ring på telefon 982 99711 for meir informasjon og påmelding!

**Velkommen til Bygland Bibel- og naturcamp 2015!**



Ingebrigts Sørfonn



Jostein Janøy

**NOE FOR DEG?**

Vi vil satse på hverdagsdiakoni og medmenneskelighet i ImF Rogaland. Derfor leter vi etter en person som kan være med å starte en satsing på diakoni-tiltak.

Vår drøm er å bygge et nettverk av mennesker som kan gi en hjelpende hånd i sitt nærområde når behov oppstår.

Vi har noen tanker men er ennå ikke sikker på hvordan vi vil organisere dette, derfor ønsker vi kontakt med deg som har ideer og liker å planlegge og organisere en nysatsing.

Instruks vil bli utarbeidet.  
Arbeidstiden vil være i tide og utide.  
Lennstrinn: 0  
Utdanning: Å ha kjent Guds kjærlighet

Ta kontakt med: ImF Rogaland  
[rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no) eller Torgeir :97171745



**Storsamlinger for hele kretsen**

Søndag 20. sep kl 17.00 på Sunde Bedehus. Speedleir for barna.  
Søndag 1. nov kl 11.00 Ognatun. Speedleir for barna. Middagssalg etterpå.

**STOR Samling**

# Godt å vera til hjelp og nytte



Leirmor og leirfar er viktige i leirmiljøet. Torunn Ivesdal Gjedrem t.v. i bilde.

## Slik oppsummerer Torunn Ivesdal Gjedrem etter å ha vore leirmor på Ognatun på 2 leiarar.

Av Terje Slettebø

ImF-Rogaland innførte for om lag to år sidan ordninga med leirmor og leirfar på leirane på Ognatun. Dette er ei oppgåva der to vaksne personar skal vera til stades og ha eit mors blikk og eit fars blikk for ungane. Hovudoppgåva er å vera der og ha tid for barna.

Torunn Ivesdal Gjedrem har hatt denne oppgåva på to leirer, og vi i Siste Indre syns difor det var spennande å høyra med henne om korleis ho har opplevd denne oppgåva.

## Kvifor svara du ja til å vera leirmor?

Eg har sagt ja til å vera vaksenleiar på ein

leir i året, fordi eg veit Ognatun treng folk, og nå har eg vore leirmor på to leirar. Som leirmor skal eg følgja med på barna, og ikkje ha noko ansvar for samlingar og program - det er ein fordel med leirmor-rolla.

## Korleis opplevde du å ha denne rolla på leir?

Det var utfordrande å klara å følgja med på alle når dei fleste barna var ukjende for meg, men eg såg at eg var til nytte. Og barna sjølv tok kontakt om dei trengde eit plaster eller andre ting. Dei gongene det gjaldt meir enn plastring av skrubbsår hadde det vore greit med helsefagleg bakgrunn, men i samarbeid med dei andre vaksne gjekk det også greit.

## Kva sit du igjen med sjølv etter å ha vore leiar på leir?

Det er gildt å kjenna at eg har vore til hjelp og nytte.



## Kva trur du det betyr for barna at det er vaksne leiarar på leirane?

Eg håpar og trur at det gir dei ekstra tryggleik å vita at dei kan gå til ei "mor" eller ein "far" når ikkje deira eigne føresette er der. Ungdommane som er romleiarar er heilt eineståande til å aktivisera og vera med barna, og er svært viktige, men utifrå mi erfaring så er det godt for barna at det er både ungdommar og vaksne blant leiarane.

## Kven kan vera leirmor og leirfar?

Det kan alle vaksne som bryr seg om barn.

## Kva trur du barna sit igjen med etter å ha vore på leir på Ognatun?

Eg trur dei fleste har ei kjekk helg, dei blir kjende med nye ungar, og har lyst til å koma igjen. Eg trur også dei får med seg ein del frå bibeltimane, både dei fengande songane og om temaet for leiren. Når dei får oppgåver og må slå opp og lesa i eigen bibel, så hugsar dei betre det viktigaste.

## Eit spesielt leirminne?

Då kan eg nemna at ein gut kalla meg jordmor første kvelden på ein leir. Ordet "leirmor" hadde han nok ikkje hørt før, så derfor sa han jordmor :)

**NB! Vi treng fleire vaksne leiarar på Ognatun. Ta difor kontakt med oss på kretskontoret dersom denne oppgåva som leirmor eller leirfar kan vera noko for deg. (Red)**

## TAKKE FOR:

- Sammen-helg
- Alle villige dugnadsfolk
- Bibelskulen Bildøy
- Alle leirdeltakarane på Ognatun
- Nye menneske som blir frelst.

## BE FOR:

- UL
- Arbeidet på Heskestad
- Lyngdal og Bygland Bibelcamp
- Feriedagar og internasjonal leir på Ognatun
- Økonomien

**Vigdel Engineering AS**  
Telefon 46 41 18 19  
[Egil@vigdelengineering.no](mailto:Egil@vigdelengineering.no)

**SONDRE ARSLAND**  
Tlf. 930 25 968  
**MASKINAS**  
GRAVE-BETONG ENTREPENØR

**H. Reinertsen**  
LASTEBILTRANSPORT  
EGERSUND

# Sekundering

**Målsetjinga for 2015 er ein inntektsauke på 8%, etter 4 mnd er inntektsauken på 3 %.**

Mykje av inntektene til ImF-Rogaland kjem mot slutten av året, difor har krinsen eit stort driftsunderskot store deler av året, ved utgangen av april var underskotet på kr 576 000.

Gåver til arbeidet, og innbetaling av kontingensten, er difor svært kjærkomne i løpet av sommaren!



Terje Slettebø er spent på om inntektene vil auke i løpet av året.

**Marknadsdag på Ognatun  
Onsdag 17. juni kl. 17.00**

**Marknad med sal av blomster og grønnsaker  
Auksjon  
Sal av mat**

**Vel møtt til ein triveleg ettermiddag på Ognatun!**

## BLI MED PÅ IMF ROGALANDS SATSSINGER

ImF Rogaland har flere nye satsinger på gang. Vi har allerede ansatt familiearbeider, vi satser på flere tiltak som kan vise Guds godhet gjennom diakoni og medmenneskelighet. Samtidig støtter vi ekstra opp om steder der det startes opp nytt arbeid. Sunde og Heskestad, som vi har presentert i Siste Indre, er eksempler på dette. - Hvordan kan du støtte dette pluss alt annet vi driver med? Her er flere gode måter å bidra på. Bli med oss du også! VI MÅ ØKE GAVEINNTEKTENE FOR Å FA TIL ALLE VÅRE SATSSINGER.

### FAST GIVER-TJENESTE

I 2016 KAN DU FA SKATTE-FRADRAG FOR GAVER PÅ OPPITL 20 000 KR. SEND EN SMS TIL 459 55 969 SÅ KONTAKTER VI DEG ENTEN DU ER NY ELLER VIL ØKE DITT BELØP



### GI MER I KOLLEKT

MANGE AV OSS HAR FATT I BÅDE POSE OG SEKK. KAN DU GI MED BEGGE HENDER? BRUK 8220 02 80101 HVIS DU VIL GI TIL OSS

### VILLIGE HENDER

PRAKTIKSE OPPGAVER PÅ OGNATUN, LEIRLEDERE, FRITIDSFORKYNNERE, SERVITØRER, LODSELGERE, DIAKONI & GODHET, FORBEDERE, KONTAKT OSS, VI HAR OPPGAVER DU KAN FÅ GJØRE TLF: 51 79 38 80

KONTAKT OSS GJERNE PÅ MAIL: ROGALAND@IMF.NO

## FELLESMØTER 9-14 Juni

I Ogna Kyrke

Tale og sang/musikk:

**Martha og Edgar Paulsen**

Tirsdag: Bønnemøte kl 19.00, møtestart 19.30. Kaffi mm. etter møtet.

Onsdag: Bønnemøte kl 19.00, møtestart 19.30. Kaffi mm. etter møtet.

Torsdag: Bønnemøte kl 19.00, møtestart 19.30. Sang av Varhaug Ungdomskor. Kaffi mm. etter møtet.

Fredag: Bønnemøte kl 19.00, møtestart 19.30. Kaffi mm. etter møtet. Bønnevandring.

Lørdag: **KONSERT** kl 20.00 (150,-). Edgar synger Johnny Cash og Jim Reeves. Kaffi mm. etter konserten.

Søndag: kl 11.00. Møte for hele familien! Enkel middag etter møtet!

Mulighet for forbønn og samtale.

# Velkommen!

Arr: Ogna, Brusand og Sirevåg Indremisjon og Ogna Kyrke

# PLANLEGG SOMMEREN TIL LYNGDAL BIBELCAMP **2015**



**VEKE 27**  
29.JUNI – 5. JULI

**Bibeltimar**  
Gunnar Ferstad og  
Andreas Evensen  
**Kveldsmøter**  
Gunnar Ferstad og  
Andreas Evensen  
**Kveldsmøte 1.juli:**  
song av Ljos  
**Song- og musikk**  
Ragnhild Nesse m/ band  
**Torsdag, konsert**  
Mathias og Pernille Fjälset  
**KveldsÅpent**  
Annbjørg og  
Kåre Sævereid  
**Ungdomsleiar**  
Siri Elisabeth Bernsen  
**Ungdomsforkynnarr**  
Solveig Hosøy  
**Aktivitetsleiar, ungd.**  
camp. Jakob Saghaug  
**Lovsongsteam, ungd.**  
camp: frå Sunnmøre  
**Teamleder Kidz-camp**  
Bjarte Vesetvik

**Leirsjef (program)**  
Anja U. Heggen

**VEKE 28**  
6.JULI – 12. JULI

**Bibeltimar**  
Sølve Salte og  
Glenn Nord-Varhaug  
**Kveldsmøter**  
Sølve Salte og  
Glenn Nord-Varhaug  
**Kveldsmøte 8.juli:**  
song av Kvinnlogsjentene  
**Song og musikk**  
Eva Irene Vea m/band  
Seven-jentene (tors-søn)  
**Konsert – fredag**  
Eva Irene Vea:  
»Barnesanger for vaksne»  
**Storsamling**  
søndag m/ Seven  
**KveldsÅpent**  
Under arbeid  
**Ungdomsleiar**  
Solveig Hosøy  
**Ungdomsforkynnarr**  
Ole Corneliusen  
**Song – og musikk**  
Under arbeid, men  
17-19: J-team  
frå Skudeneshavn  
**Torsdag, konsert**  
kl 1600: Jarle Waldemar  
Konsert – fredag  
**Fredag – barnefest**  
kl 1030: Jarle Waldemar  
Søndag – storsamling  
kl 1100: Jarle Waldemar  
**Teamleder Kidz-camp**  
Morten Granerud  
Bjarte Vesetvik

**Leirsjef (program)**  
Kenneth Hjortland

**VEKE 29**  
13.JULI – 19. JULI

**Bibeltimar**  
Johan Halsne og  
Ruben Lie Monsen  
**Kveldsmøter**  
Johan Halsne og  
Ruben Lie Monsen  
**KveldsÅpent**  
Under arbeid  
**Seminar: »Lev Livet»**  
17.juli - Kjell Markset  
**Konsert – fredag**  
Kerryso m/  
Sveinung Andersen  
**Ungdomsleiar**  
Solveig Hosøy  
**Ungdomsforkynnarr**  
Ole Corneliusen  
**Song – og musikk**  
Under arbeid, men  
17-19: J-team  
frå Skudeneshavn  
**Torsdag, konsert**  
kl 1600: Jarle Waldemar  
Konsert – fredag  
**Fredag – barnefest**  
kl 1030: Jarle Waldemar  
Søndag – storsamling  
kl 1100: Jarle Waldemar  
**Teamleder Kidz-camp**  
Morten Granerud

**Leirsjef (program)**  
Kenneth Foss

**VEKE 30**  
20.JULI – 26. JULI

**Bibeltimar**  
Erik Furnes  
og Marit & Irene  
**Kveldsmøter**  
Erik Furnes  
og Marit & Irene  
**Kveldsmøte 25.juli:**  
song av Anne Lise Haddeland  
**Song- og musikk**  
Ragnvald Ree og  
Magne Supphellen m.fl.  
**KveldsÅpent**  
Erik Furnes og Roald Evensen  
**Ungdomsforkynnarr**  
Fredrik Ree  
**Aktivitetsleiar, ungd.camp**  
Gjermund Fure  
**Lovsongsteam, ungd.camp**  
Tremorkirken  
**Torsdag**  
kl 16.00: Ruben Gazki  
+ barneopplegg  
**Teamleder Kidz-camp**  
Morten Granerud

**Leirsjef (program)**  
Roald Evensen



**LYNGDAL BIBELCAMP**

**KIDZ – CAMP:** Samlingar tysdag – laurdag formiddag  
for aldersgruppa Jungel (3-6 år), Safari (2.-4. kl)  
og B-Tween (5.-7. kl). Kvar søndag: er det familiemøte.

**UNGDOMSCAMP:** Bibeltimar tysdag – laurdag kl 12, ulike  
aktivitetar kvar dag, kveldsmøte og Johannes Åpenbar.

**INFO:**

Informasjon om øvrig program,  
overnattning, prisar med meir  
finn du på: imf.no/lbc eller  
tlf: 38 33 06 50. Sjå **bibelcam-**  
**penn.no** for oppdateringar!  
**bibelcampen.no**



Det møtte 16 stk. på møtet som markerte oppstarten av Heskestad Indremisjon igjen etter noen år uten aktivitet.

## Oppstart igjen på Heskestad

**For inntil ti år siden var det to gamle bedehus på Heskestad, «Tabor» på Ualand og «Fjellhaug» på Eide. Nå er begge de to gamle husene borte, ett er flytta til bygdemuseet på Moi, og det andre er demontert og solgt til Sokndal.**

Vi i ImF Rogaland har ei stund nå vært i kontakt med noen personer på Heskestad som ønsker å samles til kristent fellesskap, og som drømmer om at det kan være et indremisjonsarbeid som kan føre barn og familier i nærområdet til Jesus.

Torsdag 30.april hadde disse ildsjelene fått låne kirkestua på Heskestad, og inviterte

til samling med sang, forkynnelse, god mat og prat. Det møtte 16 personer på denne samlingen, der den yngste var Barneskole-elev og flere nok hadde vært pensionister en del år. Torgeir Lauvås forkynte på møtet.

To av de som står i bresjen for denne satsingen, Linda og Torbjørn Corneliusen, har en drøm om at de kan samles til møter for å bygge et kristent fellesskap. Siden de selv er småbarnsforeldre, har de også en tanke om å kunne samle familier og kunne dele evangeliet med dem. Helt hvordan de skal gjøre dette vet de ikke enda.

Vær med og be om at det flotte initiativet på Heskestad må få bli til velsignelse og vekst for Guds rike!

TL



Saft, kaffe og kake i siste del av samlingen 30.april på Heskestad.

**jæren**  
sparebank

**VIGRESTAD BYGG**  
WWW.VIGRESTADBYGGS.NO  
Tlf: 958 19 505

**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon

**Elektrofag Jæren**  
En god kontakt på Jæren

**ImFeriedager**



**OBS! Påmeldingen for feriedagene starter 2. juni!**

**2.-6. kl.  
10.-14. aug.**

Pris Feriedagene: kr. 300 pr. dag  
kr 1400 pr. uke

Den 10.-14. aug. 2015 skal vi starte vår første skolefritidsordning. Tanken er at vi vil ha et tilbud for skolebarn i fra 2.-6.kl. mandag til fredag fra kl. 8.00-15.00. Vi skal ha en fjell-dag, en strand-dag, en pirat-dag, en speider-dag og kanskje en mekk- og mix dag. Dersom du ønsker å sende barnet ditt med tog, vil vi ha en reiseleder som tar toget sammen med barna fra deres lokale togstasjon. Deretter vil barna bli hentet på Ognas stasjon og kjørt opp til Ognatun.

Mer informasjon kommer etter hvert på vår nettside: imfroglan.no

**Astor Industri  
Eiendom AS**

**Pål Hatteland AS**  
**Entreprenør**  
Mob 99278710

**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø  
4362 Vigrestad  
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

## Nytt aktivitetshus på Ognatun



Aktivetshuset ligg fint til ved Helgåvatnet.

I løpet av vinteren har det kome opp eit nytt aktivitetshus nede ved Helgåvatnet. Eit flott moderne bygg erstattar nå det gamle falleferdige uthuset.

I første etasje skal det vera garasje og verkstad. Andre etasje er tiltenkt skytebane

for luftgeværskyting. Ognatun har fått tildelt spelemidlar til bygget, og er tilgodesett med kommunale midlar. Mykje arbeid er gjort på dugnad. I tillegg har Ognatun fått svært gunstige prisar både hjå Grude Bygg og Vigrestad Bygg som har



stått for oppføringa av bygget. Alt dette er Ognatunstyret svært takksame for. Alt dette tilsaman gjer at utgiftene blir overkomelege for Ognatun.

I første omgang blir det Aqua klubben, den lokale ungdomsklubben som held til på Ognatun, som vil bruka det nye bygget. Dette vil frigjera areal i kjellaretasjen på Internatbygget til Ognatun si ordinære verksamhet. Det nye aktivitetshuset inneholder gode arealer som framover vil kunna tilføra Ognatun spennande aktivitetar.

ts

## Travel vår

**Vårsesongen starta for fullt på Ognatun med Påsken og fullt hus med over 100 deltagarar på Apostolisk tro sitt påskearrangement frå onsdag i påskeveka til 2. påske-dag.**

I april og mai har det vidare vore 19 private selskap på Ognatun. Det har vore 10 konfirmasjonar, 6 feiringar av gebursdagar, 3 bryllaup, og ein god del catering i tillegg. Innimellan har og ein skuleklasse og ei konfirmantgruppe vore på tur. Travelt, men gildt, -seier avdelingsleiar på Ognatun, Tove Braut. Ho syns det er veldig kjekt at så mange ynskjer å bruka Ognatun og syns det er fint å kunna vera med og leggja til rette for viktige høgtidsdagar i livet. Men ho innrømmer at det til tider kan vera utfordrande å finna servitørar til alle selskapa. Samtidig legg ho til at ho er stolt og takksam for alle som stiller opp og tek servitør jobben på dugnad. Vårsesongen blir avrunda med leir siste helga i mai.

## Tenleir

25.-27. september 2015 er alle fra 13-19 år velkommen på tenleir. Det vil bli ei sosial og kjekk helg med variert program som:

- Bibeltimer v/Otto Dyrkollbotn
- Surfing
- Aktivitetar
- Rangling og sosialt
- Venner



Påmeldingen starter 1. september. Førstemann til mølla!